




Årsmelding 2013

2013 var det åttande driftsåret til Aardalens Venner.

Medlemmar i laget



Siste året har det vore ein stor nedgang i tal medlemmar. Frå eit relativt stabilt medlemstal på rundt 60 gjennom fleire år, er det i 2013 berre 13 betalende medlemmar. Når det gjeld firmamedlemskap, har det ikkje vore teikna slike dei to siste åra.

Økonomisk har ikkje tal medlemmar så mykje å seie for aktiviteten i Årdalen. Viktigare er det at Aardalens Venner har støtte i lokalsamfunnet. Såleis får ein håpe og tru at medlemstalet vil ta seg opp til vanleg nivå i 2014.

Trass dette - stor takk til dei som er med og støttar laget sitt arbeid!

Styret i Aardalens Venner 2013

Styret på fem personar har vore uendra sidan 2009; av desse har fire vore i styret sidan oppstarten i 2006:

- Jan Hammersvik, leiar
- Kaare Aardal, nestleiar
- Terje Hovden, kasserar og skrivar
- Per Arne Berge, styremedlem
- Atle Nøstdal, styremedlem

Styret har i 2013 hatt berre eitt styremøte.

Økonomisk støtte

Som tidlegare år er omfanget av aktivitetar og tiltak i hovudsak bestemt av økonomien i laget. Særskilt gjeld dette arbeid der vi er avhengige av innleigd hjelp.

I 2013 har Aardalens Venner motteke kr 30 000,- i tilskot til vøling av våningshuset frå Statens Landbruksforvaltning. I tillegg har skjøtselsavtala som Aardalens Venner har inngått med Fylkesmannen, sikrar oss kr 5 460,-. Dette er same sum som laget fekk i 2012.

Kulturlandskap

Definisjonen på eit kulturlandskap er at det er eit landskap som er påverka av menneske. Gamle kulturmarker som dei vi endå har i Årdalen, er i ferd med å forsvinne. Med det kan ei rekkje plantar, insekt mv. som er ein del av dette, også bli borte.

Dette er bakgrunnen for at Miljødepartementet og Landbruksdepartementet i 2009 peika ut 20 kulturlandskap som «nasjonalt verdfulle». Eitt av dei 20 var området Hoddevik – Liset, der Årdalen og Rydja-jorda er ein viktig del:

«Gardane Årdal, Skårbø og Liset utgjer kvar for seg heilskaplege kulturlandskap i skiljet mellom hav og fjell. Områda er rike på tekniske strukturar, tufter og gamle bygningar. Ein finn også artsrike slåtte- og beitemarker».

Seinare har det komme til fleire slike områder rundt i landet – i alt 290, men det er dei 20 fyrste som har høgst prioritet (er mest verdfulle i nasjonal samanheng).

Dette gjer at arbeidet med bygningar og teigar i Årdalen blir ekstra meningsfylt.

Det er viktig å ta vare på heilskapen. Det gjeld både bygningar og slåtteteigar, støttemurar, hustufter og vegar/stiar, men også reiskapar og inventar i bygningane. Til saman skal dette fortelje historia til småbruket - ein kulturarv som ikkje blir teken vare på av seg sjølv.

Grasbrenning og slått

Skjøtselsavtala med Fylkesmannen har som føremål å ta vare på den naturlege vegetasjonen som var på slåtteteigane.



Einstapen som veks tett på enkelte teigar er den mest synlege veksten vi prøver å få bort. Det skal skje ved å gje einstapen dårlege vekstvilkår - år etter år.

Våren 2013 var det ein periode med lagleg vêr for brekking av tørt gras i Årdalen. I løpet av ein lang dag vart det meste av lyng, einstape og tørrgras svidd av i eit stort område, og med full kontroll.

Brenninga gjorde at grasveksten fekk ein god start. Likevel kom ein god del av einstapen opp også i 2013. Taktikken i 2014 må vere å gå over areala tidleg i vekstsesongen og slå av stilken på spirande einstape. Det vil gje ein stopp i veksten og truleg ein viss tilbakegang.


Slåtten blir gjort med ljå og kantklipparar. Graset blir tørka på marka slik at frø kan falle av og bli ført tilbake til enga. Dessverre har slåttearbeidet i fleire år falle på altfor få personar.

Vøling av våningshuset

Fjoråret vart brukt til å gjere ferdig våningshuset utvendig. Det som stod att var ein del av ytste gavlveggen, og øvste veggen mot tunet.



Dette arbeidet har vore leia av Kenneth Vederhus, og resultatet er vi svært nøgde med. Huset har også fått andre malingsstrøket der det var naudsynt.



Neste etappe blir å liste rund dei nye vindauga inne, slik at gardiner kan komme på plass.

Økonomi

Etter 2013 har Aardalens Venner kr 24 883,14 på konto, dvs. kr 16 154,25 mindre enn ved førre årsskifte. Fylkesmannen og Statens Landbruksforvaltning har stilt seg positive til å støtte arbeidet til Aardalens Venner vidare.

Friluftsgudsteneste

Søndag 25. august var det for sjetten året på rad gudsteneste i Årdalen.

Som vanleg var det sokneprest Kari som hadde gudstenesta, medan Jon Inge Sigerland sto for tonefylling.

Naustet på Rydjajorda

Orkanbygene i romjula 2011 gjorde stor skade på naustet på Rydjajorda.



Naustet var forsikra, men så langt har Naturskadefondet redusert erstatninga med 60%, dvs. ei utbetaling på kr 28 000,-. Klage har ikkje ført fram – dei påstår at ein konstruksjon som har stått i fjøra på Rydjajorda i generasjonar ikkje har vore solid nok.

Truleg vil dette føre til at naustet må rivast før det blir til fare for nokon. Aardalens Venner har ikkje økonomi til å tenkje på vøling om Naturskadefondet ikkje gjev full erstatning (kr 70 000,-).

Vegen vidare

Arbeidet vidare blir som nemnt over både skjøtsel av slåtteteigane og ikkje minst arbeid med å setje bygningane i slik stand at forfallet blir stoppa. Alle gode krefter er velkomne i vennelaget.

Til slutt

Aardalens Venner minner om heimesida – stor takk til Inge Bakke for all hjelp med denne. Aktiviteten på sida kunne ha vore betre, og det må vere målet for 2014.

Og så ei takk til Inge Bakke og Håkon Berstad som gjennom mange år har revidert rekneskapen til laget.

Selje, 6. februar 2014

For styret i
Aardalens Venner

Jan Hammersvik
leiar